

# Gruppe- og styremøte i Haram Venstre 6. september 2014

**Stad:** Knutepunktet, Vatneeidet 12.30.

**Tilstade:** gruppeleiar Kristian Stråmyr, leiar Ole Johan Høyberg, nestleiar Thomas Vadset, styremedlem Malin Storholt, UV rep. Håvard Urkedal.

**Forfall:** styremedlem Eili Å. Arntsen

## Saker:

### 1. Saker frå formannskapet og planutvalet

- Venstre er i utgangspunktet positiv til å ta imot fleire flyktningar enn planlagt dersom det er mogeleg med tanke på bustadsituasjonen i kommunen. Vi er open for å diskutere fleire løysingar når saka kjem opp i formannskapet.

-Saka om tilbodskonkurranse på nytt kommunehus blei problematisert oppimot den komande kommunereforma. Venstre meiner at vi må ta i betraktning at det enno ikkje er avgjort kva oppgåver kommunen skal utføre i framtida. Likevel vil vi sjå kva som kjem ut av konkurransen før vi tek endeleg standpunkt i saka. Eit syn som kom fram var at vi treng lokalar til fleire tenester i Brattvåg sjølv om kommunesenteret ev. blir flytta.

-Venstregruppa drøfta dei resterande sakene, og går stort sett inn for tilrådingane frå Rådmannen.

### 2. Listestilling

-Styret drøfta saka, og noterte ned fleire interessante namn i eit internt notat. Vi må kontakte fleire for å sikre ei god geografisk spreiding av kandidatane.

### 3. Program

-Stråmyr orienterte om gangen i saka, og Urkedal skaut inn at Ålesund Venstre arrangerer fleire matnyttige arrangement med fokus på lokale spørsmål.

### 4. Grunnskulestruktur

-Venstre ynskjer fortsett ny 1.-10. skule på Eidet, ein naturleg konsekvens av dette er at vi må investere i fleire gang og sykkelstiar.

-Vi vil ikkje endre gjeldande skulestruktur på Nordøyane før Nordøyvegen tek form, og vurdere dette oppimot framtidig kommunestruktur.

-Vi går inn for å pusse opp dei eldre skulane som vi meiner er aktuelle å behalde og ev. utvide med nybygg dei som vil trenge det.

### 5. Eventuelle saker

- Notat frå fylkeskasseraren blei lest opp om registrering i partistøtteportalen. Styret tek dette til vitande.
- Neste møte blir flytta frå 18. oktober til 11. oktober. Det blir avvikla nominasjonsmøte same dagen!

## Referent:

Sekretær Kristian Stråmyr